

Utenriksdepartementet,
Utenriksrådets kontor
Postboks 8114 Dep.

0032 Oslo

Arkivkode/ File no:
841.4

Deres/ Dykkar ref./ Your ref.:

Dato/ Date:
08.10.2019Vår ref./ Our ref.:
1900097-12Vår saksbeh./ Enquiries:
Siv Lillestøl**Oversendelsesnotat: Studie om evaluering som middel til å nå berekraftsmålet 4.5 om å sikre inkluderende og lik tilgang til utdanning (Unesco/IOS Evaluation Office July, 2019)****Bakgrunn**

Studien systematiserer funn frå eksisterande evalueringar som er relevante for å kunne nå berekraftsmål 4.5. om å avskaffe kjønnsforskjellar og sikre lik tilgang til utdanning og yrkesfagleg opplæring. Studien er gjort på oppdrag frå evalueringskontoret i Unesco i samarbeid med evalueringsavdelingane i Norad, Unicef, Verdsbanken, Verdens Matvareprogram og fondet Education Cannot Wait.

Studien vart utført av dei internasjonale utdanningseksperterane Karen Mundy, Kerrie Proulx og Caroline Manion. Underdirektør Siv Lillestøl deltok i referansegruppa. Studien vart først lagt fram under høgnivåmøtet i New York i juli 2019. Studien vil og bli presentert på eit seminar i Norad 31. oktober 2019.

I dette notatet presenterer vi nokre av dei mest sentrale funna i syntesestudien samt tilråding om oppfølging.

Formål

Formålet med studien var å kartlegge og vurdere om bruk av funn frå eksisterande evalueringar kan bidra til at ein når berekraftsmålet om å avskaffe kjønnsforskjellar og sikre lik tilgang til utdanning og yrkesfagleg opplæring for sårbare personar.

Datagrunnlaget for studien

Studien byggjer på funn frå 147 uavhengige evalueringar som er gjennomført i regi av 13 multilaterale og bilaterale organisasjonar inkludert to evalueringar som er gjennomført på oppdrag for Evalueringsavdelinga i Norad.¹ I tillegg byggjer studien på case studiar i Ghana, Guatemala, Libanon, Nepal og Peru.

Kartlegginga av relevante evalueringar for studien avdekkja følgjande:

- det finnes mange evalueringar som ser på likheit og tilgang til utdanning på grunnskulenivå, men få evalueringar som ser på tiltak retta mot lærarar, fagopplæring og vaksenopplæring
- eksisterande evalueringar har meir fokus på *tilgang til* utdanning enn faktisk *læring*

¹ Evaluation of Norwegian multilateral support to basic Education ([Report 7/2015](#)) og Evaluation of Norway's support to education in conflict and crisis through civil society organisations ([Report 9/2017](#))

- få evalueringar ser på tiltak som er spesielt retta mot likheit og inkludering av barn med nedsett funksjonsevne, urfolk og/eller språklege minoritetsgrupper
- Afrika Sør for Sahara er det området som er best dekket av evalueringar som er relevante for studien.

Kva fungerer? Lærdommar om kva som verker

- Det er sterkast evidens på vellykka aktivitetar for å fremme likheit og inkludering i utdanningssatsing når det gjeld skulemat- og kontantstøtteordningar.
- Skulemat og kontantstøtte synes å fungere best i områder der få i utgangspunktet går på skule. Skulematordningar viser seg å ha god effekt når det gjeld å auke innskriving av barn på grunnskulenivå. Spesielt er effekten stor i områder med lav matvaresikkerheit for eksempel i naturkatastrofar eller i områder med mange internt fordrivne/flyktningar. Studien finn evidens på at kontantstøtteordningar gjer at fleire barn frå fattige hushald får begynne på skulen. Spesielt synes det å ha god effekt på å få jenter til å begynne på skulen blant anna fordi kontantstøtte kan bidra til at barn får redusert arbeidsbyrde for eksempel når det gjeld husarbeid. Studien finn likevel negative effektar av denne type støtte. Overfylte klasserom, omgjering av klasserom til matvarelager/spiseplasser samt tilleggsarbeid for overbelasta lærarar og skuleleiing noko som igjen fører til at desse får mindre tid til undervisning og fokus på læring. I enkelte lokalsamfunn kan og slike ordningar føre til sjalusi mot dei hushalda som får tilgang til slike ordningar.
- Bruk av informasjon og teknologiprogram - spesielt internettbasert læring - for å sikre lik tilgang til utdanning, viser blanda resultat. Men studien viser klart at slike aktivitetar retta mot barn i humanitære nødsituasjonar er med på å bidra til at talet på barn som begynner på skulen aukar raskt, både blant barn som bor i flyktningeleirar og dei frå lokalsamfunna rundt flyktningeleirane.
- Datagrunnlaget har få evalueringar av aktivitetar retta mot lærar og skuleleiing. Men av dei evalueringane som finnes er det lite evidens på arbeid som lykkes på dette området. Evalueringane finn likevel teikn til at betra lærarutdanning/opplæring aukar sjansane for at elevane fullfører skulegangen, spesielt gjeldt dette blant jenter. Aktivitetar som støtter bygging av nye skuler viser og at slik støtte kan redusere fråfallet i skulen samt at tilgang til vatn og sanitære anlegg på skulen kan bidra til å auke talet på barn som begynner på skulen.
- Finansielle støtteordningar som budsjettstøtte og resultatbasert finansiering synes å ha blanda suksess når det gjeld å oppnå lik tilgang til utdanning spesielt på gjennomføring av skulegang, læring og likestilling.

Evalueringsavdelinga si vurdering av studien og tilråding om oppfølging

Det overordna formålet med studien var å kartlegge og vurdere om bruk av funn frå eksisterande evalueringar kan bidra til å nå berekraftsmålet om å avskaffe kjønnsforskjellar og sikre lik tilgang til utdanning og yrkesfagleg opplæring for sårbare personar.

Rapporten viser at det i eksisterande evalueringar er lærdommar som er robuste nok til at dei kan byggast vidare på, men at det er behov for meir kunnskap samt betre utnytting av eksisterande kunnskap, før ein med sikkerheit kan fastslå kva aktivitetar som verker for kven og i kva kontekst.

Tilrådingane i studien er retta mot korleis ein framover kan bidra til å styrke datatilgangen slik at vi i tida framover med større sikkerheit kan fastslå kva aktivitetar som verker og kva som ikkje verker. For å få dette til er det behov for følgande:

- meir data om korleis utdanningsbistand skal kunne nå barn og unge med funksjonshemmingar, urbefolkning og etniske minoritetar
- meir innsamling av data/kunnskap om resultat av innsats som er retta mot styrking av kompetansen til lærar, alternativ til ikkje formell utdanning, skulebasert leing, desentraliseringsreformer og skulestipendordningar
- betre tilgang til eksisterande data for eksempel bør funn frå eksisterande evalueringar i større grad enn det som gjerast i dag, systemiserast og gjerast tilgjengelege for beslutningstakarar på lokalt, nasjonalt og globalt nivå; bistandsprosjekt og program bør sette av midlar til bygging av lokal monitorerings- og evalueringskompetanse samt til systematisering av data frå prosjekt- og programaktivitetar slik at desse igjen kan brukast til å bygge opp nasjonale og internasjonale databasar
- behov for å styrke evalueringsmetoder ved blant anna å utarbeide måleindikatorar for likheit til utdanning samt innsamling av data om kostnadseffektivitet av utdanningstiltak

Tilråding:

På bakgrunn av studien tilrår Evalueringsavdelinga følgande:

- At arbeidet med å systematisere og dele erfaringar frå tiltak retta mot barn og unge med funksjonshemmingar, urbefolkning og etniske minoritetar i norsk utdanningsbistand, blir styrka og klart plassert i bistandsforvaltninga.
- At rapporten blir vidareformidla til relevante avdelingar i Utanriksdepartementet, Norad og til eksterne partnarar som innspel i å vidareutvikle norsk bistand til utdanning.

Dette oversendelsesnotatet er utarbeida i tråd med «Instruks for evalueringsvirksomheten i norsk bistandsforvaltning» av 23. november 2015 og vil bli offentleggjort på www.norad.no/evaluering.

Per Øyvind Bastøe
Evalueringsdirektør

Siv J. Lillestøl
Underdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og krever ikke signatur.